



Årsmelding frå fotballgruppa for 2023

A-laget

Trenar: Geir Holmen

Treningsdagar: Søndag ute og etter sesongslutt begynte dei med innetrening på Stårheim torsdagar i tillegg.

A-laget hadde ein normal sesong, men med eit tett kampprogram på 18 kampar. Dei hadde 26 aktive som betalte treningsavgift, to ned frå året før. Det holdt hardt å stille lag til alle kampane, men det klarte dei heldigvis og vi unngjekk bot. Mykje grunna enkelte som slutta og ein del skadar så klarte dei ikkje å gjenta resultatet frå 2022, men endte i staden på ein 7. plass. Første kamp var 25.04. heime på Klenkarberget og siste seriekamp 10.10. på Eid idrettspark. Vi fortsette med open kiosk på heimekampane med salg av kaffi og vafler og det kom godt med folk. Økonomisk var det fortsatt ingen kjempesuksess, men vi gjekk i pluss og det er kjekt å ha det tilbodet til folk som kjem på kamp. A-laget hadde avslutningsfest på Balsnes med god mat og drikke, samt diverse kåringar. Gjennom sesongen blei det diskutert behov for nye drakter og det blei sondert ein del rundt sponsorar. Tidlegare hadde Kia logoen sin på Haugen drakta, men dei ønska ikkje å bli med vidare som sponsor. Vi tok kontakt med fleire aktuelle og satt til slutt igjen med Sparebanken Vest og SFE som begge ville gje ei årleg støtte til Haugen fotballgruppe, mot logo på drakta. Nytt draktsett blei kjøpt inn og vil bli tatt i bruk i 2024.

Barnefotballen

➤ Treningsdagar:

G12 mandagar 19-20.30 og onsdagar 19.30-20.30

G10 onsdagar 18-19.30

J10 mandagar 18-19.30

J7-8 tirsdagar 17.30-18.30

G7-8 tirsdagar 17.30-18.30

G5 torsdagar 18-19

➤ Treningar:

G5: Hilde Katrine Engeli

G7: Ove Mikal Haveland med Solbjørg Haveland og Ingunn Skåtun som back-up

J8 og J10: Ole Aleksander Hopland

G10: Kay Rune Solheim med Stian Bjørlo og Christian Fjelle som back up. Britt Remme og Kathrine Kvalheim Osnes var lagleiarar.

G12: Ove Mikal Haveland og Sindre André Lillebø

På hausten deltok Ove Mikal Haveland, Kay Rune Solheim og Ole Aleksander Hopland på Grasrot-trenerkurs 2 på Eid.

➤ Sesongen:

Vi hadde to spelarar med på sonetreningane i begynnelsen av året. Konkurransen var hard, så ingen av dei to kom med i 2023, men Leon Smørddal kom med i 2024.

Oppstart av serien var som vanleg etter påske.

Vi kom bra i gang med sesongstart og seriespel og hadde fleire lag enn på mange år med i seriespel, 2 G10 lag, eit G12 og endelig eit J10 lag. På cup stilte vi med mange lag og hadde mellom tre til fem lag påmeldt til kvar cup. Første cup var i januar og Måløy SPV cup, deretter Eid Extra-cup 22. april, Kongleriket cup på Stadtlandet 7. mai, Kongleriket cup i Selje 12. juni, Kongleriket cup på Eid 28. august, Kongleriket cup i Nordfjordhallen 14. september og Toyotacup i Nordfjordhallen 11.-12. november. G10 var i staden for Toyotacup i Volda på BAMA cup. På Kongleriket-cup så stilte vi med G7 og J8.

Vi fekk med oss mange spelarar frå Kjølisdalen og Hjelle på årets G10 lag og vi endte opp med å kunne stille to lag i G10. Etter avtale med Heia fekk vi også ha treningar på Hjelle i april og oktober og laget med Hjellarar spelte også enkelte av heimekampane sine på Hjelle pga. banekapasiteten på Haugen. Grunna mange lag i serie så blei det kampar mandag, tirsdag, onsdag og torsdag, men takka være dyktige lagleiarar og foreldre som stilte opp så gjekk sesongen ganske knirkefritt. I forkant av sesongoppstart var det gjort ei god runde med omberamming av kampar for å unngå kollisjon med fridagar og anna. Vi heldt også eit dommarkurs der det deltok sju unge lovande. To av desse dømte heimekampane til G12 og resten dømte G10 og J10.

G12 nytta treningstida til A-laget onsdagar så dei fekk trent ute før sesongstart og heilt fram til desember. Når Klenkarberget var i god nok stand, så blei den brukt.

Etter sesongen fortsette vi som i fjor med innetrening gjennom vinteren på Stårheim. Denne gangen fekk vi nye tider for J10 på mandagane, G10 fortsette onsdagane og så hadde vi tilbud til dei som ville av G/J7-8 i gymsalen på Haugen mandager.

Vi tok i bruk Spond for alle som spelte i seriespel og det var ein av suksesskriteria for at sesongen gjekk såpass greit også.

Dugnader, drift og økonomi

Ein god sesong med stor aktivitet i seriespelet, men litt færre cupdeltakingar.

Totalt antal medlemmer ved årskiftet 23/24 i fotballgruppa var 107 stk med, spelarar, trenarar og styret.

Det blei gjennomført totalt to stk. flaskeinnsamlingar, ei etter påske og ei før haustferien. Vi fekk totalt inn 19 503kr på flaskeinnsamling, 7000kr mindre enn i 2022.

A-laget hadde den faste dugnaden med demontering av lyslenker og kablar etter at Malakoff festivalen var ferdig. Dette gav oss ei inntekt på 4200kr.

I tillegg hadde vi to dugnader som gav oss ei ekstraintekt på 18000kr.

Det blei jobba ein del med å fylle reklamekapasiteten rundt stadion for å kunne få inn meir faste inntekter via reklame. Kvernevik AS og Vest energiteknikk kom begge inn som nye sponsorar av fotballgruppa. Isbilen kom med i samme rennet, men dei ønska å støtte Hovudstyret så det blir fulgt opp derfrå. Alle skilt blei montert opp av fotballgruppa.

Den nyinnkjøpte knivluftaren blei brukt eit par gangar gjennom sesongen og det virka å ha god effekt på bana. Vi fekk også utover ca. 15 tonn sand i samarbeid med Øystein i Banenemda og Ole Jørgen Haugland, men grunna litt vel tungt utstyr gav vi oss før vi hadde fått utover all sanden, totalt 30 tonn. Resten må vi få utover i år, då erfaringane er gode frå andre baner og anbefalingane er heilt klare på at det er mange fordelar med å gjere den jobben. September blei veldig våt, men bana holdt akkurat til at vi fekk gjennomført alle kampane i barnefotballen på bana. A-laget hadde siste heimekamp på Klenkarberget 5.9. før dei måtte trekke inn på Eid.

Vi unngjekk bot for manglande dømming i seniorfotballen gjennom sesongen. Årsaka var at Andreas Sandal fortsatt dømmar for Haugen, sjølv om han bur i Bodø. For denne lojaliteten fekk han tilsendt eit gavekort til jul på 500kr. Vi håpar at jobben med Klubbdommarkurs skal bære frukter framover så vi kan rekruttere dommarar også inn i seniorfotballen dei neste åra.

Vi har kunna fortsatt med gratis fotball for alle barna trass i den store auka i antall spelarar og det er svært gledeleg. Vi fekk støtte frå Vestland idrettskretts for å kunne sende spelarane på cup, og det nytta vi til Eid cup og Måløy SPV cup.

Vi hadde på slutten av sesongen ei oppsummering med trenarar og lagleiarar der vi også la ein plan for 2024. Alle trenarar er med vidare, men Kathrine Kvalheim Osnes går ut som lagleiar for G10 og Britt Remme overtek rolla for begge laga. I tillegg vil Stian Bjørlo innta ei meir aktiv trenarrolle på G11 då det er over 20stk på treningane.

Styret

Styret blei samansett slik etter årsmøtet 2023:

Ove Mikal Haveland	Leiar og kasserar	Vald for	2023-2025
Håvard Furseth	Styremedlem	Vald for	2023-2025
Kari Ann Lien	Kioskansvarleg	Vald for	2023-2025
Michelle Bruvoll	Styremedlem	Vald for	2022-2024
Christian Fjelle	Fairplay ansvarleg	Vald for	2022-2024

Styret hadde to fysiske møter gjennom sesongen og tok resten av avklaringane digitalt. Kari Ann tok seg av kiosken på A-lagskampane. Christian bidrog som trenar på G10 ved behov. Fotballgruppa fekk ansvar for å male opp innbyttarskura og det var god oppslutning frå styret i arbeidet.

Takk til alle som har bidratt!
Heia Haugen!

